



## **DUGNAD II**

### **SNOANLEGG I HUKA 10. OG 11. OKTOBER 2009**

Arbeidet i Huka held fram. Vi har vore urolege for dårleg vær, men så langt har vi vore heldige med været.

Det var likevel eit ufyselig vær denne helga, men med godt humør og mange gode krefter som drog lasset saman, så gjekk det utruleg godt.

Det var nokon som synes 09.00 var sein å starte, men det tok vi att på kvelden for mange av oss var ikkje heime for mellom 19-20 på kvelden –våte, søylete og temmeleg utkøyrde.

Eg trur nok vi undervurderte mengda arbeid med å legge røyr gata. I gata skulle vi legge vassrøyr på 6 m som skulle koplast saman og skøytane skulle tapast.

I tillegg lufttrøyr av plast, trekkeleidning for straumkabel og jordkabel. I tillegg master for ljøs.

Over dette skulle det leggest pukk og duk over. Attfylling av grøfta og pussing er og eit krevjande arbeid, sjølv om det er maskinarbeid.

Vi la alt vi hadde av røyr. Mangel på litt røyr og nokre klemmer gjorde at vi ikkje vart heilt ferdig.

I veke 42, 12-17 okt. drog Tor Anders, Odd Tore Hommen og Karel Krog lasset vidar. I tillegg sette vi inn maskinene til Bjarne Lofthus.

Eg reknar med at det no ikkje er all verden som står tilbake av verken grøfta til materøyrret frå toppen eller pussing på grøfta i løypa.

Det er likevel slik at alle småting som skal gjerast, tek si tid.

Dugnadsgjengen 10,11.10 var : Bjarne Lofthus, Åge Åmot, Knut Dag Nordskog, Tarjei Torgersen, Ottar Olav Lid, Gunnar Ofte og Sverre Bakke.

Vi skulle gjerne vore fleire , men uheldig var dei som ikkje kom!

Vi åt god mat frå Torleif Grimstveit begge dagar.

Svein Bakkan og Sverre har no i dag fornya STUI søknad på løype og ljøs slik at no skulle alt vera på stell.

Her er nokre bilde frå dugnaden:

Matpause med lapskaus

Ottar Olav fremst. Til høgre Bjarne og Knut Dag. Til venstre Tarjei, Gunnar og Odd Tore



Bjarne i full sving



Huka BA sin styreleiar Gunnar Ofte - humøret er på topp ser vi.



Tarjei Torgersen frå Draugedal og Haugo Maskin stilte også denne gong med mykje topp utstyr, godt humør, kunnskap og arbeidslyst.



Knut Dag Nordskog stilte opp med maskiner og god arbeidslyst.

Ottar Olav Lid høyrer til den harde kjern som driv HIL på mange områder.

Åge Åmot dreiv med sveising då bilde vart teke. Er det noko som skal lagast, så set vi Åge til det.

Eg burde hatt eit bilde av Odd Tore Hommen ute i grøfta, men han var så oppteken av å arbeide at det fekk vi ikkje tid til det.

Odd Tore jobba også utover i veka med grøfta. Det er bare å taka av seg hatten for innsatsen til Odd Tore.

Når vi ser slutten på arbeidet reknar vi med at det vert eit lite party ved husmannsplassen i Huka. Meny er ikkje fastsett, men det blir vatn frå tjønna på toppen av Huka – sjølvsagt gjennom røyr gata.

På vegne av HIL, takk så langt til alle som har delteke!!!

Arbeidet tok så på at leiaren ikkje fekk skrive epistelen før ei veke etter.

Lårdal 19. oktober 2009

Sverre Bakke